

Lea de

BYGDA DANSAR

Sluttrapport for prosjektet Lea de, august 2007- august 2010



Rådet for folkemusikk og folkedans



RESULTAT

Lea de har i prosjektperioden:

- rekruttert om lag 100 ungdomar til prosjektet.
- undervist om lag 700 elevar ved 9 vidaregåande skular i økter på 45 minutt (skuleåret 2007-2008).
- gjennomført 13 helgesamlingar og 3 dagsamlingar på fylkesnivå med eit snitt på omlag 30 deltakarar.
- rekruttert pedagogar/ instruktørar, samt unge musikarar og danseførebilete til prosjektet.
- auka fokuset på pedagogisk metodeutvikling i tradisjonsdansar frå fylket.
- gjennomført omlag 200 lokale danseøvingar på 7 ulike stader i fylket og i Oslo.
- fått fram nokre av dagens mest profilerte unge talent i folkedans i Noreg.
- inspirert til auka profesjonell folkedansaktivitet i Oppland.
- bidrege til fleire profesjonelle frilansoppdrag med dans og musikk.
- markert seg med gode resultat frå lokale kappleikar og på større kappleikar som til dømes Jørn Hilme-stemnet, Landsfestivalen og Landskappleiken.
- stimulert til at fleire frå Oppland har formalisert høgare utdanning i dans under og etter prosjektperioden.
- rekonstruert danse- og musikkformer frå fylket som har gått ut av bruk.
- bidrege til eit godt sosialt ungdomsmiljø for folkemusikk- og dans i Oppland.
- markert seg gjennom ei rekkje medieoppslag i lokal presse og riksdekkande presse.
- fått til eiga heimeside som informerer om folkedanstilbod for ungdom i Oppland.
- utvikla to større danseoppsetjingar, synopsis, kostyme, scenografi, musikk og koreografi.

- gjennomført 8 større framsyningar av dei to førestillingane med totalt publikum på om lag 1600.
- besøkt Västana Teater i Sunne i Sverige og sett førestillinga KALLEVALLA av regissør Leif Stinnerbom.
- delteke med underholdning på: Folkedansfestival i Polen, Fokemusikkseilas på Hurtigruten, UKM - fylkesfinale, Landsfestivalen i Gamaldans, Folkelarm, Rudi Gard, Jørn Hilme- stemnet, i bryllaup i London, Den Norske folkemusikkveka, Folkedansfestivalen med fleire

FOKUS I PROSJEKTET

Nye grep i opplæringsarbeidet
Individretta pedagogikk
Nytanking om scenisk presentasjon, mellom anna med utstrekkt bruk av ny koreografi
Samarbeid mellom ulike faggrupper
Samarbeid mellom amatørar og profesjonelle
Analyse og utnytting av røynsler
Problemløysing og nyorientering på vegen

UTFORDRINGAR

Mangel på disponibel tid blant deltakarar og musikarar
Mangel på ressursar til praktisk hjelp utanom dansearbeidet
Utfordringar med å halda balansen mellom vektlegginga av dei ulike dansetradisjonane
Store regionale forskjellar i fylket i arbeidet med dansen
Skaffe nok gitar til prosjektet
Økonomi

Lea de – et folkelig pionerprosjekt i samtidsdansen

Kommentar av Olemic Thommesen, Stortingsrepresentant for Høyre, og leder av Kulturkomiteen

„Lea de“ er på mange måter et ektefødt barn av vår tids kunstneriske og kulturpolitiske strømninger.

Et sentralt utviklingstrekk i tiden er ønsket om fornyelse gjennom å bygge ned skillelinjer og barrierer.

Formidlingsteknologien flyter sammen i stadig mer helhetlige og konsentrerte løsninger. Sektortenkning oppleves generelt sett som en barriere innenfor de fleste samfunnssektorer, og på kunstens område letes det etter fornyelse gjennom å arbeide på tvers av etablerte genre, metodisk tilnærming, og, ikke minst, på tvers av etablerte "skoler".

"Lea de" gjør nettopp dette. I et fruktbart møte mellom moderne samtidsdans og den tradisjonelle folkedansen avspeiles en kunstnerisk vilje til fornyelse gjennom å utfordre de tradisjonelle skott som har ligget mellom disse genrene.

Folkemusikken har lenge hatt en flate mot det man ville kalle kunstmusikken.

Innenfor dans har veien vært lengre. "Lea de" er det første vellykkede eksempel i vår tid, og i norsk sammenheng, jeg kjenner til, som foretar et integrerende møte mellom folkekultur og samtidsuttrykk innenfor dansen. I denne henseende er "Lea de" et pionerarbeid i vårt land.

For meg har dette møtet virket berikende på mange måter. Forankringen i folkedansen gir gjenkjennelighet og et nærvær i uttrykket som bringer samtidsdansen på en banehalvdel der jeg er temmelig sikker på at man har mer å spille på i forhold til et norsk publikum. Gjennom bruk av ungdom skapes ikke bare et forslitt politisk riktig møte mellom profesjonelle og amatører, like gjerne leser jeg dette som på en naturlig måte å bringe folkedansen, som per definisjon er folkelig av natur, inn som likeverdige partner i møte med en kunstnerisk profesjonelt skolert tradisjon. I andre eksempler der folkelige tradisjoner bringes inn, ser man gjerne at dette i sterkere grad skjer på de etablerte skolers premisser.

"Lea de" er finansiert gjennom offentlige midler der ivaretagelse, og fornyet bruk, av folkedansen og ungdomsarbeid er uttrykte begrunnelser for tildelingen. Prosjektet beveger seg således i et landskap av "politisk riktighet", med de utfordringer dette innebærer i forhold til nødvendig genuinitet. Sett med en politikers øyne kan man også spørre seg i hvilken grad "Lea de" er resultat av en villet politikk, eller generell samfunnsutvikling. For meg er det åpenbart at politikken her ligger etter utviklingen og kun bidrar til å utdype, eller forsterke, eksisterende strømninger. Min vurdering er også at "Lea de" representerer en kunstnerisk fornyelse som løfter seg langt utover det man ellers ville betrakte som politisk riktighet. Som politiker har "Lea de" vært et svært interessant prosjekt å følge. Jeg håper de spirer som gjennom dette er lagt, vil lede til flere prosjekter og videre kunstnerisk utvikling i møte mellom samtidsdans og folkedans. Jeg tror dette er et godt utgangspunkt for fine publikumsopplevelser. Dernest tror jeg også prosjekter som dette bidrar til å aktualisere folkedansen og gjennom det være et aktivt bidrag til å videreføre folkedansen som en levende tradisjon i vårt land.

Olemic Thommesen

Stortinget 04.10.2010

Bygda dansar

Sluttrapport for prosjektet Lea de

01.07.2007 – 01.08.2010



Lea de

Lea de er det tredje delprosjektet i Bygda dansar som no er gjennomført. Sigurd Johan Heide og Stian Roland har vore prosjektleiarar for Lea de, medan prosjektansvarleg for Bygda dansar er Egil Bakka med god støtte frå Siri Mæland. Prosjektet blir drive i eit samarbeid mellom Norsk senter for folkemusikk- og folkedans (Rff-sentret i Trondheim) og lokallaga i organisasjonane Noregs Ungdomslag og FolkOrg.

Sterkt resultat i Lea de

Med bakgrunn i dei resultata me i prosjektet har oppnådd, torer me påstå at Lea de vart ein suksess på fleire vis. Lea de har rekruttert ei stor gruppe ungdomar til prosjektet som alle har nådd eit godt nivå som folkedansarar. Mange av desse hadde ein fot innom folkemusikk/-dansemiljøet frå før, medan andre var heilt ferske. Ein stor del av ungdomane har fått profesjonelle oppdrag som dansarar, musikarar og instruktørar både under og etter prosjektet.

Lea de har produsert to større folkedansoppsetjingar i tillegg til mange enkeltoppdrag på scener som har hausta mange lovord. Vidare har me stimulert til auka samarbeid med næringsliv og andre kulturelle aktørar.

Me har delteke på mange dansefestar og festivalar der me har inspirert både sosialt og danserisk. Det er no ei stor mengd ungdomar i Oppland som meistrar tradisjonsmaterialet i folkedans frå dei ulike delane av fylket.

Dei store måla vart nådd og tidsplanen vart halden. Det vart noke overforbruk i prosjektet, jamfør budsjett. Lea de har vore med på å heve kvaliteten i prosjektet, og mange fylker står no i kø for å bli nye delprosjekt i Bygda dansar.

Fasar i prosjektet

Prosjektet starta formelt 1. august 2007. Prosjektleiinga brukte i starten mykje tid saman på å leggje planar for vidare arbeid. Det vart lagt ned arbeidsinnsats frå dei fagtilsette ved Rff-sentret i prosjektet:

Bjørn Aksdal, Erling Flem og Ivar Mogstad var aktive i å hjelpe Lea de å vurdere tradisjonell spelestil til bruk i prosjektet. Egil Bakka, Erling Flem og Siri Mæland var med som rettleiarar i dansespørsmål, analysar, vurdering av tradisjonsmaterialet, samt å leggje strategiar for dette arbeidet saman med Sigurd Johan Heide og Stian Roland. Ny nettside vart lansert i oktober, og det vart produsert plakatar og faldarar til rekrutteringsarbeidet.



Rekruttering

Lea de var hausten 2007 ute på ein liten skuleturné der me møtte tre klasser som fekk ei innføring i folkedans frå sitt område over to dagar. Dette var ei idrettsklasse på Valdres vgs, ei dramaklasse på Gjøvik vgs og folkemusikklinja på Vinstra vgs. I tillegg til Stian Roland og Sigurd Heide, var Silje Onstad Hålien med som dansar på Gjøvik vgs. Nina Fjeldet var med som spelemann på Gjøvik og Vinstra vgs, medan Jan Beitohaugen Granli var spelemann under besøket på Valdres vgs. Fleire av elevane me møtte på denne turneen, meldte si interesse for å følgje prosjektet vidare.

I samarbeid med Den kulturelle skulesekken i Oppland fylke var me i veke ti og elleve våren 2008 på besøk hjå desse vidaregåande skulane i fylket: Valle, Brandbu, Lom, Gausdal, Valdres, Hjerleid (Dovre), Otta, Gjøvik, Vinstra. I nokre av klassene på Gjøvik, Valdres og Vinstra møtte me nokre elevar frå den førre turneen for andre gong. Resten av klassene møtte oss berre denne eine gongen.

I tillegg til dette var Stian Roland saman med Jan Beitohaugen Granli på turné på nokre ungdomskular i Valdres gjennom prosjektet «Spel og dans med Ola» der elevane fekk ei lita innføring i laus, reinlendar og springar, samt informasjonsmateriell om Lea de.



Då me tok til på hausten 2009, såg me oss ferdige med den viktigaste rekrutteringsfasen i prosjektet og bestemte oss for å dreie fokuset over på å få mest mogleg ut av dei som allereie hadde valt å delta i prosjektet. Det kom likevel til nokre nye i prosjektet som blei rekrutterte via vener som allereie var med. Etter rekrutteringsfasen, hadde me ei liste på om lag to hundre og femti ungdomar som fann prosjektet så interessant at dei ynskte å stå på ei liste der dei fekk tilsendt informasjon om prosjektet på e-post og sms. Frå 2008 til 2010 hadde Lea de om lag 100 ungdomar som deltok på aktivitetar som prosjektet arbeidde med, som til dømes lokale øvingar på Jevnaker/Hønefoss/Oslo, Vågå/Skjåk, Vinstra, Lillehammer/Gjøvik og Valdres eller helgesamlingar for heile fylket.

I rekrutteringsarbeidet la me vekt på å fokusere på heller få dansar når me var ute på turné. Elevane fekk lære litt reinlendar, springar/springleik/springdans og halling med ein del utfordrande akrobatikk. Erfaringane viste at i dei klassene me møtte over to dagar eller to gonger, vart det lettare både å bli kjende med ungdomane, og å rekruttere dei inn i prosjektet. Me erfarte også at særleg gutane vart meir interesserte i prosjektet når me gjorde undervisninga meir utfordrande ved hjelp av akrobatikk og halling.

Helgesamlingar

Lea de hadde to samlingar hausten 2007. Den første samlinga var på Vinstra vgs og hadde 22 deltakarar. Stian Roland og Sigurd Heide var hovudlærarar, medan Silje Onstad Hålien var gjestelærer. På denne samlinga gav me tilbod om ei valfri økt der deltakarane kunne få ei innføring i moderne dans med Silje Onstad Hålien eller speletimar med Nina Owren Furuli. Den andre samlinga var på Fagernes i Valdres, og hadde omtrent same tal deltakarar. Stian Roland og Sigurd Heide hadde hovudansvaret for samlinga. Her var "Grabukkadn", ei gruppe laust organiserte hallingdansarar frå Valdres, gjestelærarar ei økt, medan dei i ei anna økt fekk møte Tone Voldhaug, Ivar Hemsing og Silje Onstad Hålien som var med som hjelpedansarar. På sundagen fekk dei møte Hallgrim Hansegård som fortalde om halling og instruerte. Nina Fjeldet og Tom Kjetil Tørstad var spelemenn under samlinga. Denne helga hadde dessutan deltakarar som spelte toradar høve til å tinge timar med Tom Kjetil Tørstad på toradar.

Me hadde fire helgesamlingar i Lea de i løpet av 2008. Den fyrste var på Jevnaker skole 1. - 3. februar. Her var Ivar Hemsing, Elin Eidsand og Anne Eidsand med som instruktørar. Kjellbjørn Karsrud og Nina Fjeldet var spelemenn. Eit fantastisk lokalt vertskap frå Jevnaker overraska oss med pizza laurdagskvelden. Den neste samlinga var lagt til Valdreskappleiken i Øystre Slidre 9. - 11. mai der Lea de deltok med dans i open klasse og vann! Lea de deltok også med par både i junior- og seniorklassa, samt med eit juniorlag med Valdrespringar i lagdans. Denne helga hadde me også besøk av Ivar Hemsing og Anne Marit Røn som instruerte i ulike stegvariasjonar i runddans. Hausten 2008 starta me opp med ei helgesamling i samarbeid med Klonesseminaret i Vågå 20. - 21. september. Den fjerde og siste helgesamlinga vart halde på Gjøvik. Her hadde me besøk av deltakarar frå prosjektet «Pedagogikk på dansegolvet» med Vegar Vårdal, Endre Kleiveland, Siri Mæland, Mette Vårdal, Bente Hjellum og Synnøve Jørgensen.

I 2009 hadde me totalt fem helgesamlingar der den fyrste fann stad på Lillehammer 6.- 8. februar. No starta vi for alvor å arbeide med koreografiar til førestillinga "Tverrsnitt". Sigurd Johan Heide, Ivar Hemsing, Silje Onstad Hålien og Randi Rust var instruktørar. Nina Fjeldet og Inge Gjevre var spelemenn.

Helgesamlinga 6.- 8. mars fann stad på Fagernes barneskule. Koreografiarbeidet med "Tverrsnitt" heldt fram. Laurdag kveld var me på Valdres folkemuseum og såg på gamle opptak av runddans frå Oppland saman med folk frå miljøet. Etter dette var det skipa til dansefest.

Prosjektet var samla i Skjåk 11. - 13. september, der fokuset vart lagt på bygdedansane med Siri Mæland og Randi Rust som gjestelærarar. Denne helga vart det også halde eit kurs i swing med Vidar Dahl.

Me hadde ei helgesamling i Valdres 23. - 25. oktober der deltakarane fekk konsert og dansefest med gruppa "Triakel". Ingar Ranheim, Siri Mæland og Randi Rust var innleigde gjesteinstruktørar denne helga. Lea de var på Hilmarfestivalen i Steinkjer 12.-15. november, og arbeidde mykje med runddans og ein del koreografiøvingar.

I 2010 hadde Lea de tre helgesamlingar, og det meste av tida gjekk med til å øve koreografiar til førestilling. 15.-17. januar og 19.- 21. februar var me samla på Vinstra og arbeidde mykje med detaljar i dansen og koreografiøvingar. 19.- 21. mars var den siste helgesamlinga med Lea de, og dette vart ei intensiv samling i Valdres der mange koreografiar kom på plass

Helgesamlingane i Lea de har fungert godt, men det har vore vanskeleg å kunne skaffe nok folk til å vera nattevakter, laga mat og gjera praktiske oppgåver som ikkje hadde med rein undervisning å gjere. Heldigvis har det vore ei lita kjerne av trufaste medhjelparar som har stilt opp og gjort ein enorm innsats. Me har òg vore heldige og hatt mange gode førebilete og nokre av dei beste lærekreftene med oss på samlingane, og dette har gjort at ungdomane har hatt gode læringsvilkår. Ungdomane har vore godt motiverte både for å arbeide med eigen dans, og å skape koreografiar i samarbeid med prosjektleinga.

Arbeid med førestillingar

Lea de laga to større danseoppsetjingar i prosjektperioden. Begge førestillingane var bygd opp av modular der kortare utdrag og enkeltscener kunne brukast ved fleire høve. Dette viste seg å vera svært vellukka då me fekk mange oppdrag på denne måten.

Sigurd Johan Heide tok som første folkedansar ein mastergrad i koreografi ved Kunsthøgskolen i Oslo i perioden 2008-2010. I samband med dette vart det han som var koreograf i førestillingsarbeidet til Lea de. Dette resulterte i at ein kunne prøve ut nye metodar for å skape grunnmateriale til førestillingsarbeidet. Likevel var ungdomane svært motiverte, og synte ein god arbeidsmoral.

“Tverrsnitt” i 2009

Me brukte ulike formasjonar og rammer når me skapte materialet, og braut det rytmiske med enkle rørsler som ungdomane sjølve kom med. Det var også ei utfordring at me valde å laga ei abstrakt danseførestilling der publikum måtte tolke mykje sjølve, utan noka fast historie som bakteppe. Førestillinga som var bygd på folkedansrørsler frå Oppland, viste seg å fungere godt som scenespråk. Enkelte element frå denne førestillinga vart det arbeidd vidare med og nytta også i sluttførestillinga i 2010: “Flate steinar er til å sitje på”. Denne førestillinga vart vist i sin heilskap på Rudi Gard på Sør-Fron 5. - 7. juni, medan større modular frå oppsetjinga også vart vist under festførestillinga på Den Norske Folkemusikkveka på Ål 23. mai, samt under førestillinga “Den so lea se ette gølve” på Jørn Hilme- stemnet 24. juli. Mindre utdrag frå førestillinga vart også nytta ved andre høve der deltakarar frå Lea de opptredde.



“Flate steinar er til å sitje på” i 2010

Sluttførestillinga “Flate steinar er til å sitje på” var inspirert av romanen “Fuglane” av Tarjai Vesaas. Grunnlaget for oppsetjinga vaks fram på helgesamlingane hausten 2009 og i starten av 2010. I perioden frå mars til mai hadde Sigurd Heide produksjonsperioden for eksamenførestillinga si der eit ensemble av seks dansarar og sju musikarar frå “Lea de” arbeidde tett saman med tre profesjonelle dansarar. Dette arbeidet munna ut i fem førestillingar på Dansens Hus i Oslo i perioden 7. – 11. mai. Tre profesjonelle dansarar, lyd, lys, nokre kostyme og scenografi vart dekt av Kunsthøgskolen, medan Lea de gjekk inn med resten av budsjettet for å betale musikarar og ensembledansarar.



Etter at arbeidet med eksamenførestillinga var over, tok arbeidet med sluttførestillinga til. Sluttførestillinga frå Kunsthøgskolen i Oslo, vart omarbeidd for eit større danseensemble og utvida med fleire scener. Denne vart vist på Folkedansfestivalen i Bergen og på Jørn Hilme-stemnet på Fagernes. I begge dei to førestillingane var det svært vanskeleg å få samle alle som skulle vera med når me hadde øvingshelger, og dermed var det fleire som måtte hoppe inn i roller på kort varsel.

Det var ein fortløpande diskusjon om korleis ein skulle bruke tradisjonsmaterialet, og kvar ein skulle bryte med tradisjonen. Me kombinerte det med å bruke nokre heile dansar, og å kunne bruke ein del element frå dansane når me laga koreografiar. Ein såg tidleg at det var svært krevjande å få tid nok til kvar enkelt scene, og kvart enkelt moment som ungdomane skulle gjere, når ein berre hadde helgesamlingar å kunne bruke til øving, og derfor blei nok ein del scener relativt enkle i struktur, og det kunne vore arbeidd meir med desse.

Festivalar, oppdrag og arrangement Lea de har vore med på

Både prosjektleiing, musikarar og deltakarar i Lea de har vore, og er, svært aktive i folkemusikk- og folkedansmiljøet i Noreg. Mange har hatt oppdrag for ulike bedrifter, med speling til dans og som pedagogar, og me vil særleg nemne at tre av deltakarane har reist rundt med Aleksander Rybak og Frikar på oppdrag i inn- og utland. Dette var eit seminar i samarbeid mellom Norsk handverksutvikling og Rådet for folkemusikk- og folkedans.

Bygda dansar og Lea de har vore med og organisert og stilt lærekrefter frå prosjektet til kurset "Dans og uttrykk" under Jørn Hilme-stemnet i perioden 2007 til 2010. Deltakarane har stort sett vore frå Bygda dansar-prosjekt.

2007

Sigurd Heide og Stian Roland heldt seg oppdaterte, knytte kontaktar og henta inspirasjon på Folkelarm, Osafestivalen, Jørn Hilme-stemnet og seminar om kroppsleg refleksjon i Trondheim.

2008

Lea de på Karl Johan og på Edderkoppen i Oslo 19. april

I samarbeid med Ung i Valdres si storsatsing «Bør Børson på Valdresvis» som vart vist på Edderkoppen teater i Oslo 19. april, deltok Lea de-deltakarar frå Valdres med dans og spektakulære gamle karstykke på Karl Johan og i foajeen på Edderkoppen teater.

Lea de på Landsfestivalen i Skjåk 17. - 20. juli

Lea de-ungdomar frå Gudbrandsdalen opna premieutdelinga kvar dag under Landsfestivalen i Skjåk med ein kort dansekoreografi.

Bygda dansar deltok på Folkelarm 26. – 28. oktober og på Festkonserten for Egil Bakka 18. november

Under Folkelarm i Oslo deltok Bygda dansar med ein sju minutt lang koreografi på laurdag kveld under Folkelarmprisen. Dei som var med på denne koreografien, representerte ulike delprosjekt i Bygda dansar. Ein litt omarbeidd versjon av den same koreografien vart vist under festkonserten på Ringve då Egil Bakka vart utnemnt til «Kommandør av St. Olavsorden». Dansarane var Sigurd Johan Heide, Silje Onstad Hålien, Stian Roland, Gudrun Folkedal, Anna Gjendem og Bendik Melbye Brenna.

2009

Prosjektleiinga i Lea de var på "kickoff for implementeringen av UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv i Norge" på Lillehammer 2. – 3. desember 2009.

Lea de på Hilmarfestivalen i Steinkjer 12. – 15. november

Førestillingsarbeidet heldt fram. Ungdomane fekk mellom anna oppleve dans til Dalakopa samt førestillinga KRUK med FRIKAR.

Lea de på tur til Västanå teater i Sverige 29. – 30. august

Sosial tur til det legendariske Västanå Teater i Sunne i Sverige. Ungdomane fekk her sjå førestillinga "KALLEVALLA" med regissør Leif Stinnerbom.

Lea de dansat i bryllaup i London i august

Representert ved Gudrun Folkedal og Kenneth Lien hadde Lea de oppdrag i bryllaup i London.

Folkekulturfestivalen

Deltakarar frå Lea de deltok på Folkekulturfestivalen på Hamar 30. juli – 2. august 2009.

Lea de var på konserten "Den so lea se ette gølve" på Jørn Hilme-stemnet

Lea de hadde saman med ungdomar frå Hallingdal ei forrykande førestilling under Jørn Hilme-stemnet i Fagernes Kulturhus fredag 24. juli.



Strunkeveko 21. - 24. juli

Svært mange av dei som var med i Lea de, vart med på Strunkeveko på Leira i Valdres frå 19. - 24. juli. Nokre var med på dei ulike instrumentkursera, medan mange var med på kurset "Dans og uttrykk" som er eit samarbeid mellom Bygda dansar og Strunkeveko.

Lea de deltok på NM i folkemusikk på Geilo 23. – 28. juni

Mange deltakarar frå Lea de deltok i det årlege NM i folkemusikk på Geilo. Lea de-ungdom spelte og dansa seg til gode resultat både individuelt og i lag.

"Tverrsnitt" vart synt fram på Rudi Gard 5. - 7. juni

Lea de synte fram danseførestillinga "Tverrsnit", og vart invitert til dansefest etterpå på Rudi Gard.

Lea de på "Den Norske Folkemusikkveke" på Ål 21. - 24. mai

På Folkemusikkveka synte me fram eit utdrag av førestillinga "Tverrsnitt" under festførestillinga laurdag kveld.

Samling for instruktørar og unge førebilete under Valdreskappleiken 8. - 10. mai

Dette var ei særskilt vellukka helg der me diskuterte tradisjon og metodar ut frå arkivmateriale på film frå Oppland og Buskerud. Mange ungdomar deltok dessutan med svært gode resultat under kappleiken.

Fylkesfinale UKM på Vinstra 24. - 26. april

Deltakarar i Lea de frå Valdres deltok med ein springarkoreografi.

Workshop med Stuart Hopps på Den Norske Kunsthøgskolen i Oslo

Torill Steinjord og Silje Onstad Hålien var med på workshop med Stuart Hopps på Kunsthøgskolen to veker i april 2009.

Folkemusikkseilas på Hurtigruta 22. - 28. mars

Åtte ungdomar var saman med ei utvida prosjektleiing med som artistar på Hurtigruta under Folkemusikkseilasen 2009. Dei som var med var: Kenneth Lien, Ingrid Fossum, Ådne Kollbjørnshus, Bjørn Kåre Odde, Siw Iren Bruøygaard, Sigrid S. Aaboen, Inga Myhr, Espen Støveren Johansen, Tone Voldhaug, Silje O. Hålien, Inge Gjevre, Stian Roland og Sigurd Heide.

Lea de deltok på UKM - Valdres februar

Ein gjeng av ungdomane frå Valdres viste fram ein koreografi frå førestillinga "Tverrsnitt". Dei hausta svært god respons og kom vidare til fylkesfinalen som fann stad på Vinstra.

2010

Landskappleiken på Voss

Mange ungdomar i prosjektet deltok på Landskappleiken på Voss, og fleire hamna høgt på resultatlistene både i spel og dans. Nokre gjekk heilt til topps i klassa si. I tillegg stilte prosjektet med eit eige lag i lagdans, og hamna på ein fin 8. plass av totalt 23 lag.

Folkedansfestivalen i Bergen 1. - 4. juli

Fleire deltakarar var med på samlinga til Noregs Ungdomslag, og heile Lea de var med på dansefesten etter førestillinga på festivalen 1. juli.

Jørn Hilme- stemnet 2010

Også på Jørn Hilme-stemnet deltok mange frå Lea de på kappleiken. Også her var det klassevinnarar og gode resultat å finne på listene.

Evaluering av Lea de frå prosjektleiinga

Gjennom heile prosjektperioden har prosjektleiinga hatt evaluering og diskutert mykje; både når det gjeld faglege og administrative spørsmål.

Under skuleturneen stod oppleving i fokus, og presise kvalitetar i folkedansen var ikkje vektlagt i så stor grad.

I oppstartsfasen med lokale øvingar og helgesamlingar var fokuset på få dansar og mykje tilpassa danseopplæring til den enkelte. I tillegg var det å skapa eit godt miljø og å forme dansarane etter dei ulike kvalitetane dei hadde frå før ein viktig del. Me prøvde ut ein del nye metodar i opplæringa, mellom anna bruk av koreografiske øvingar på ulike rytmar. Me oppfordra sterkt deltakarane til å opptre i ulike samanhengar, og hjelpte til med å laga koreografiar og sjå på danseteknikk.

Den første førestillinga var eit godt forprosjekt for å øve dei i å kunne bruke sitt eige dansemateriale på scena, og samtidig var me ganske nyskapande med å ha ei relativt abstrakt førestilling basert på folkedansrørsler frå Oppland.

Vidare inn i det siste året av prosjektet intensiverte me fokuset på å gje kvar enkelt deltakar meir individuell rettleiing for å skapa eit personleg uttrykk i deira eigen tradisjon. Me hadde mange lærekrefter inne som såg mykje på pardans og enkeltdansarar, og det lukkast å skapa ein konstruktiv dialog med miljøet, fagfolk og ungdomane.

Me er svært glade for å ha hatt så mange ressurspersonar som har vore inno og lært ungdomane mykje god dans. Både musikarar, tradisjonsbærarar og gode dansarar har vore med oss, og dei har spelt ei viktig rolle i prosjektet. Me trur og håper at Lea de har gitt dei nye perspektiv, ny kunnskap og vore ein inspirasjon til vidare arbeid. Samtidig ser me at me skulle hatt dei med i større grad frå starten, og enkelte område har mangla faste ressursar på opplæring og speling.

Måloppnåing

Prosjektleiinga meiner at Lea de har nådd målet om å lære ei stor gruppe ungdomar opp til eit godt nivå i dansen. Me har dokumentert førestillingane og arbeidet fram mot desse på film. Lea de har bidrege til at Oppland har fått enda fleire tradisjonsdansarar og tradisjonsmusikarar som er klare for å ta profesjonelle oppdrag. Ikkje minst er me godt fornøgde med å ha fått fram tradisjonar som ikkje har vore så mykje i bruk. Dette er mellom anna godt dokumentert på resultatlistene til Landskappleiken, og ved at fleire av ungdomane har vore med på turné med Aleksander Rybak, Frikar og spelt i "Sol av Isfolket" og andre førestillingar. Lea de har òg vore eit føregangsprosjekt når det gjeld bruk av folkedans i koreografi.

Prosjektleiinga ser Olemic Thommessen sin uttalselse om prosjektet som ei stor tillitserklæring. Lea de har vore ein pådrivar i Oppland for å styrke fagkompetansen om folkedansen, mellom anna med fleire seminar, og ved å vera med å diskutere med dei lokale kreftene ein har henta inn i prosjektet.

Lea de har vore svært aktive på å oppsøkje dansefestar og festivalar for folkemusikk og folkedans, og ungdomane har mang ein gong fylt opp dansegolvet til stor glede for prosjektleiinga. Det store fokuset på samværsdans har gjort at deltakarane har fått masse gratis dansetrening, og at det lokale miljøet fleire plassar har fått fleire bein å støtte seg på.

Prosjektet har brukt ei stor gruppe musikarar og hatt faglege diskusjonar om korleis musikken og dansen høyrer saman. I arbeidet med førestillingane har ein nytta ein del kompromiss når det gjeld tradisjonen. Kanskje kunne ein ha lagt større fokus på å sjå kva slags felles møtepunkt det sceniske uttrykket og tradisjonen kunne gitt. Likevel ser me oss godt nøgde med måloppnåinga for prosjektet!



Evaluering frå muskar og deltakar

Frå Nina Fjeldet:

Som muskar i Lea de har det aldri vore mangel på utfordringar. Eg har opplevd å få tillit og tiltru som muskar og har fått tildelt oppgåver eg har kjent meg trygg på å gå i gang med. Det har vore mange, lange speleøktar der eg har hatt høve til å utforske og fordjupe meg i låtmaterialet og speleteknikken. Det har ikkje alltid vore like enkelt å kjenne min plass i prosjektet, men det har vore god kommunikasjon med leiinga. Eg har fått konstruktiv kritikk og gode tips til utvikling. I tillegg til å arbeide med lokalt stoff har eg fått utvikla musikken min rytmisk og improvisatorisk. Å ha tid og høve til å eksperimentere med verkemiddel og teknikk har vore veldig viktig for mi utvikling som muskar; ikkje minst har det vore lærerikt å arbeide så tett på dansarane og følge utviklinga deira. Å få vera med på å forme rytme og dansestil til unge dansarar er utruleg inspirerande. Å forme musikk med utgangspunkt i bevegelse er for meg ein ny måte å bruke tradisjonsmusikken på, som opnar ei ny verd som utøvar. Erfaringa frå produksjon og framsyningar har og vore veldig lærerikt.

Det sosiale har vore viktig i Lea de, og som muskar har eg vore naturleg med i fellesskapet. Miljøet har vore prega av positivitet, engasjement og oppmuntring, og eg har vorte tryggare på meg sjølv som muskar og medperson, og modigare til å ta sjansar til å bevege meg inn i nye felt. I etterkant av Lea de er eg inspirert til vidare arbeid med mine lokale tradisjonar, samt å utvikle musikken min meir improvisatorisk og scenisk.

Frå Sigrid Skjelkvåle Aaboen:

Eg blei introdusert for Lea de av Randi Rust. Ho var svært så entusiastisk og meinte at det kom til å bli både veldig artig og lærerikt. Det var ikkje til å unngå å bli smitta av entusiasmen, og eg kjente at dette kunne bli spennande å vera med på. Lea de levde opp til forventningane eg hadde til prosjektet, og eg ser attende på desse tre åra med glede. Det som har vore det beste med prosjektet, er å få moglegheita til å bli kjent med ungdom på same alder frå heile Oppland som deler gleda med dansen. Det har vore lærerikt å få grundig opplæring i dei tradisjonelle

dansane som har vore brukt i fylket vårt. Men når eg sit og ser attende i dag, kjenner eg at eg gjerne kunne tenkt meg og fått litt meir tid til å lære Valdresspringar sjølv om eg ikkje er frå Valdres. For det var veldig ofte at dei ifrå Gudbrandsdalen dansa springleik og dei ifrå Valdres dansa springar. Eg kan sjølv sagt sjå poenget med den fordelinga, men det hadde vore artig å få prøvd seg litt meir på springar. Det er også svært interessant å få vera med på framsyningane til Lea de, og artig å sjå at folkedansen kan brukast i koreografi på ein slik måte. No som prosjektet er over, er det opp til oss ungdomane å bruke det me har lært til å ta ansvar og inspirere ungdommen til å vera med å ta vare på dansen og tradisjonane våre. Me ser at det å bruke lengre tid på kvar elevgruppe i rekrutteringsfasen, var meir vellukka enn å rekkje over flest mogleg elevar. I tillegg meiner me at det hadde større effekt å bruke få dansar, og å heller gå djupare inn i detaljnivået på kvar enkelt dans og dansar.



Me ser at me tidleg i prosjektet, og kanskje før prosjektstart, skulle ha vore meir aktive overfor det lokale miljøet for å få dei endå sterkare med i Lea de. Mykje av det faglege og ikkje-faglege arbeidet kunne ha vore knytt tettare opp til dei ulike tradisjonsmiljøa i Oppland, og me trur at det kom av at me ikkje hadde nok kapasitet til å kunne marknadsføre prosjektet godt nok.

Det var først mot slutten av prosjektperioden at dei fleste vart klar over det arbeidet som vart gjort, og me skulle ønske oss at dette hadde skjedd tidlegare.

Me ser at me skulle ha brukt endå meir tid på dei områda som ikkje stod sterkt i folkedansmiljøet frå før i Oppland. Om me hadde hatt fleire krefter med oss, så kunne me ha hatt eit større fokus på å rekruttere og hjelpe fram stader som ikkje stod sterkt.

Me hadde ønska at dei produksjonane me hadde, fekk endå fleire framsyningar i Oppland. Det var store produksjonar som kosta mykje, og ungdomane var opptekne med ulike ting som gjorde at me ikkje kunne spele fleire plassar. Sidan førestillingane hadde ei modul-oppbygging, fekk me likevel spelt delar av dei to produksjonane på ulike stader.

Me ser at langsiktige planar og strategiar er nødvendige i eit stort prosjekt som Lea de, og noko arbeid var gjort for å få strukturane på plass. Det gjenstår enno ein del arbeid for å kunne gjere planlegginga og gjennomføringa enklare for komande Bygda dansar-prosjekt.

Me ser at motivasjonen til ungdomane i prosjektet var god. Me trur det har å gjere med at ein oppsøkte dansefestar og festivalar og la fleire helgesamlingar til slike arrangement. Dermed kunne deltakarane oppleve konsertar, danse med andre, og oppleve miljøet frå innsida samtidig som me arbeidde med dei på dagtid. I tillegg trur me at kvalitet i arbeidet med undervisninga og førestillingane var med på å halde på dei fleste av deltakarane. Dei møtte nokre av dei beste folkedansarane og folkemusikarane som finst i Noreg, og fekk jobbe tett med dei; det vil seie danse med dei, spele med dei og møte dei som førebilete.

Me hadde problem med å nå fram i media, og ser at arbeidet med pressa kunne ha vore betre. Arbeidet med å nå ut til ungdomane og miljøet er derimot betre, med heimeside, sms-tenester og bruk av sosiale medium.

Me ser at den sosiale integreringa i Lea de med mykje samværsdans, gjorde at deltakarane fekk god kontakt med kvarandre og miljøet, og dei fekk også mykje dansetrening tidleg i heile prosjektperioden

Oversyn over medarbeidarar

Skuleturné:

Sigurd Heide og Stian Roland hadde hovudansvaret. Nina Fjeldet, Silje Onstad Hålien og Jan Beitohaugen Granli var med som musikarar og dansarar. Staben på Rff-sentret var med i planleggingsfasen.

Helgesamlingar, førestillingar og lokale øvingar:

Prosjektleiinga:

Prosjektleiinga har drive helgesamlingane, organisert dei lokale øvingane og gjort mykje av administrasjonen med førestillingane. Desse er Stian Roland og Sigurd Heide I tillegg har Siri Mæland hatt undervisning på fleire samlingar, og Egil Bakka har vore noko med som ansvarleg for Bygda dansar.

Førebilete, innleigde og lokale instruktørar:

På alle samlingane har det vore med nokre røynde dansarar og andre som har tent som førebilete, miljøskaparar og hjelpeinstruktørar. Dei lokale instruktørane har kvar og ein vore med på nokre av helgesamlingane for å bli kjende med metodikk, mål og for å bidra spesielt med bygdedansarbeidet, eller som innleigde instruktørar for eit spesielt dansearbeid. Desse har vore med: Pål Anders Sveen, Anne Eidsand Stenberg, Gudrun Folkedal, Elin Eidsand, Halldis Folkedal, Solveig Hårdnes, Anita Bjørklund, Gustav Berger, Hallgrim Hansegård, Martin Myhr, Anne Marit Røn, Hallgrim Rogn, Randi Før, Bendik M. Brenna, Knut Odnes, Randi Rust, Vegar Vårdal, Oddbjørn Lindseth Vold, Kent Are Engjom, Ivar Hemsing, Erik Onstad, Martine Anderson, Ola Grøslund, Øyvind Sandum, Magne Langseth, Tor Stallmek, Eva Rusten, Håkon Sandum, Per Robert Fredriksen, Marit Steinsrud, Ingar Ranheim, Ellen Persvold, Linda Grindstuen, Torill Jørgensen, Bergljot Hedda Lunde, Gudrun Helene Lunde, Nina Berge Rudi, Inger Furusæter, Hans Ola Furusæter, Live Karin Liaskar, Silje Onstad Hålien, Tone Voldhaug, Bendik Brenna, Knut Aastad Bråthen, Ole Aastad Bråten og Ivar Hemsing.

Musikarar:

Nina Fjeldet (fele) har vore brukt på dei fleste helgesamlingane, og Jan Beitohaugen Granli, Inge Gjevre og Stein Villa har òg spelt på fleire av dei. I tillegg har spelemenn som Laura Ellestad, Kjellbjørn Karsrud, Øyvind Sandum, Nina Owren Furuli, Nils Røine og Tom Kjetil Tørstad vore med. Nokre andre spelemenn har vore nytta, i tillegg til at ein del av ungdomane spelte til dans.

Førestillingar:

"Tverrsnitt":

Koreograf og innstudering: Sigurd Johan Heide
Produsent: Stian Johan Roland
Koreografiarbeid: Sigurd Heide, Stian Roland og Silje Onstad Hålien
Kostymedesign: Wenche Andersen, Kunsthøgskolen i Oslo
Lyd og lys: Rudi Gard/Halibakken lys og lyd
Musikalsk leiing: Nina Fjeldet
Musikarar: Inge Gjevre, Jan Beitohaugen Granli, Stein Villa og Nina Fjeldet
Inspisientar: Stian Roland og Torill Steinjord
Dansefagleg arbeid: Egil Bakka, Stian Roland, Sigurd Johan Heide, Siri Mæland, Silje Onstad Hålien. Tilsette ved Rff-sentret
Dokumentasjon: Kjell Einar Kana og Rff-sentret

Dansarar:

Anita Langødegård, Brigitta Halldis Blomlie Müller, Espen Støveren Johansen, Live Visdal, Siw Iren Bruøygaard, Inga Myhr, Bjørn Kåre Odde, Kenneth Lien, Ingrid Lingaas Fossum, Malin Rusten Eggen, Sigrid Graedler Listuen, Marthe Brendefur, Marie Berger, Leonie Kainka, Anne Eidsaa Hamre, Ådne Kolbjørnhus, Alexander Sørnes, Eirik Schjølberg, Mathilde Folke-Olsen, Astrid Eidsaa Hamre, Gry Hellum, Sigrid Skjelkvåle Aaboen, Guro Kvifte Nesheim, Marte Pedersen, Jeroen Deraeve, Runhild Heggem, Tora Skavhaug Mek, Anne Marte Fagerstrand Hemsing, Pia Pedersen, Anders Daae Mæland, Randi Johanne Hoseth, Gro Visdal, Inga Volden, Morten Haugen, Tonje Noreng Trøen, Bendik M. Brenna, Sina Myhr, Mette Pedersen.

Spelande ungdommar: Anne Eidsaa Hamre, Kenneth Lien, Alexander Sørnes, Bjørn Kåre Odde, Guro Kvifte Nesheim

"Tverrsnitt" vart vist på Rudi Gard i starten av juni 2009, og delar vart vist på Folkemusikkveka på Ål. I tillegg vart mange scener ein del av førestillinga "Den som lea seg ette golve" som vart vist på Jørn Hilme-stemnet 2009.

"Flate steinar er til å sitja på"

Innstudering og koreograf: Sigurd Johan Heide
Produsent: Stian Roland
Kostymedesign: Johanna Sutinen og Wenche Andresen
Musikalsk leiing: Nina Fjeldet
Musikarar: Jan Beitohaugen Granli, Inge Gjevre, Stein Villa og Nina Fjeldet
Komponering: Øystein Figenschou, Inge Gjevre og Nina Fjeldet
Scenografi: Kunsthøgskolen i Oslo
Inspisientar: Ivar Hemsing og Torill Jørgensen
Lyd og lys: Hallibakken og Moslåtten og PA produksjoner Bergen AS.
Dansefagleg arbeid: Sigurd Johan Heide, Stian Roland, Tone Voldhaug, Kunsthøgskolen i Oslo.
Dokumentasjon: Rff-sentret og Kjell Einar Kana

Medverkande på dans:

Ingeleiv Berstad, Matias Rønningen, Magne Kleiveland

Dansande ungdommar:

Anita Langødegård, Brigitte Halldis Blomlie Müller, Siw Iren Bruøygaard, Inga Myhr, Bjørn Kåre Bråten Odde, Kenneth Lien, Ingrid Lingaas Fossum, Marie Berger, Anne Eidsaa Hamre, Ådne Kolbjørnhus, Mathilde Folke-Olsen, Gry Hellum, Runhild Heggem, Tora Skavhaug Vik, Gudrun Folkedal, Sivert Andreas Holmen, Randi Johanne Hoseth, Ragnhild Kolsrud, Mette Pedersen, Ole Nilssen, Sigrid Skjelkvåle Aaboen, Torill Steinjord.

Spelande ungdommar:

Hans Kjørstad, Sivert Andreas Holmen, Bjørn Kåre Bråten Odde, Guro Kvifte Nesheim

"Flate steinar er til å sitja på" var eksamensførestillinga til masterstudiet i koreografi som Sigurd Heide vart ferdig med i 2010. Det vart spelt fem førestillingar på Dansens Hus i Oslo. Nypremieren med alle dansarar og musikarar frå Lea de var i Bergen 1. juli, og førestillinga vart vist på Jørn Hilme-stemnet på Fagernes.

Lea de - Bygda dansar i Oppland

	2007	2008	2009	*2010	Samla
<i>Inntekter</i>					
Kultur- og kirkedepartementet	425 000	1 000 000	1 000 000	500 000	2 925 000
Fylkeskommune	50 000	100 000	100 000	50 000	300 000
Andre inntekter				31 200	31 200
Sum driftsinntekter	475 000	1 100 000	1 100 000	581 200	3 256 200
<i>Utgifter</i>					
Lønnskostnad	233 232	672 858	1 081 045	648 570	2 635 705
Reiser	48 416	100 493	225 928	199 065	573 902
Andre driftskostnader	15 032	59 122	158 876	85 410	318 440
Sum driftsutgifter	296 680	832 473	1 465 849	933 045	3 528 047
Driftsresultat	178 320	267 527	-365 849	-351 845	-271 847
<i>Finansielle poster</i>					
Renteinntekter	600	2 213	160	0	2 973
Finansresultat	600	2 213	160	0	2 973
Resultat	178 920	269 740	-365 689	-351 845	-268 874

* I 2011 ble det gjort korrigeringer på prosjektet BD Oppland for regnskapsåret 2010. Det ble oppdaget en henføringsfeil, som er korrigert slik at den viser et mer korrekt resultat for prosjektet. (Rffs årsmelding for 2010 viser altså et annet resultat for BD Oppland og BD Nord-Trøndelag.)

Samla oversikt Bygda dansar ferdigstilte prosjekt

Underskot frå Fjordapuls	-50 023
Underskot frå Snu nordvest	-248 867
Underskot frå Lea de	-268 874
Akkumulert underskot	-567 764

Lea de

Rådet for folkedans og folkemusikk
NTNU, Dragvoll
7491 Trondheim

Mål for eit lokalt ensemble

1. Å rekruttere og lære opp til eit godt teknisk og kunstnarleg nivå ei gruppe unge dansarar innafor ein lokal eller regional dansetradisjon.
2. Å rekruttere nokre få toppdansarar innafor denne tradisjonen som vil satse på dansen som del av yrkesverksemda si på lenger sikt, som frilansdansarar, pedagogar ol.
3. Å gje ungdom, særleg i bygde-Noreg, eit tilbod om å arbeide med dans på eit høgt nivå.
4. Å hjelpe fram dans som attåtnæring, ikkje minst i bygdemiljø.
5. Å gje regionen røynsle med å arbeide med kunstnarlege og sceniske uttrykk på eit godt nivå.
6. Å styrke fagkompetansen for dans i lokalmiljøet i regionen.
7. Å inspirere og styrke det vanlege, friviljuge folkedansarbeidet.
8. Å styrke den lokale/regionale folkemusikken mellom anna ved å knyte han sterkare til dansen som han alltid har høyrte saman med.

Mål for den prosjektdrivne scena generelt

1. Å sikre at landet til ei kvar tid har gode frilans tradisjonsdansarar (dansepar) frå mange regionar som på individuelt nivå kan syne fram pardansar og halling i ulike samanhengar.
2. Å sikre at landet til ei kvar tid har eit folkedansensemble som kan presentere folkedans som ein del av kulturarven vår.
3. Å utvikle nye idear og teknikkar for presentasjon av folkedans.

Finansiert av:

Kulturdepartementet

Medfinansiorar:

Oppland fylkeskommune
Utdanningsdirektoratet

Nokre av samarbeidspartnarane,
leverandørane og kundane våre:

Jørn Hilme-stemnet

Rudi gård

Folkedansfestivalen

Folkemusikkveka på Ål

Landsfestivalen i Skjåk

NTNU

Valdres Folkemusikklag

Gudbrandsdalen Folkemusikklag

Vest-Oppland Folkemusikklag

Noregs Ungdomslag

Khio - Kunsthøgskolen i Oslo

Valdresmusea

Folkemusikklinja på Vinstra

Ung i Valdres

